

Sindre Eldøen

From: Per-Ole Jøsok
Sent: 02 February 2024 08:11
To: Ingunn Bjorå
Subject: VS: Østfold Energi - 66 kV-ledning Gravdalen kraftverk i Lærdal kommune

Fra: Larsen, Tore <tore.larsen@statsforvalteren.no>
Sendt: torsdag 1. februar 2024 17:45
Til: Per-Ole Jøsok <perole.josok@josok.no>; hjl@ostfoldenergi.no
Kopi: Søltnæs, Eyvin <eyvin.solsnes@statsforvalteren.no>
Emne: SV: Østfold Energi - 66 kV-ledning Gravdalen kraftverk i Lærdal kommune

Hallo!

Beklager sein tilbakemelding; desember og januar er dessverre alltid travle måneder som går med til årsrapportering og behovsinnmelding. Men det er veldig positivt med ein slik gjennomgang tidleg i prosessen, og det tilsendte kartmaterialet er av høg kvalitet. Vi har gått gjennom dei ni trasekarta frå sør til nord, slik dei er nummererte frå 1 til 9:

Kart 1: Det er ikkje gjennomført naturtype- eller artskartlegging i dekningsområdet for kartet. Høgareliggende område, 1100-780 moh., dvs. liten sjanse for at arbeidet vil påverke gamle enkelttre av spesielt stor biologisk verdi. Traserydding av skog vil neppe vere nødvendig i store delar av traséen, ettersom trea av klimatiske grunnar ikkje vil kunne bli høge nok til å nå opp i kritisk sone under leidningane.

Kart 2: Det er ikkje gjennomført naturtype- eller artskartlegging i dekningsområdet for kartet. Høgareliggende område, 780-650 moh., dvs. liten sjanse for at arbeidet vil påverke gamle enkelttre av spesielt stor biologisk verdi.

Kart 3: Vi tolkar kartet slik at det vil bli brukt jordkabel i eksisterande veg langs mye av strekninga på dette kartet, og det er positivt med tanke på å unngå naturinngrep. I nord, der Øydalselvi renn ut i Nivla, kjem linjetraséen inn i eit område med funn av fleire raudlista og dels sterkt trua artar. Førekomstane ser ut til å vere nøyaktig plassert på kart (avvik er i stor grad oppgitt til +/- 10 meter), og i den grad det stemmer er masteplasseringane ikkje spesielt problematiske.

Kart 4: Mellom mastene M20 og M22 ser det (basert på flyfoto og høgdekoter) ut til å kunne vere snakk om den raudlista naturtypen flaummarkskog. Dette er litt usikkert, men det er likevel problematisk at det ligg ei terrengkøyringssone her. Det bør ikkje fellast fleire tre enn høgst nødvendig for å få gjennomført transport her, særleg mellom M21 og M22. Ser elles at mastene M26-M29 er justert nærare vegen («M26Ny» osv.). Dette vil føre traseen gjennom eit skogparti som ligg på ei flate under ura, like opp mot vegen. Skogen ser tett og potensielt interessant ut på flyfoto, og kan godt vere edellauvskog. For å unngå mastepunkt og skogrydding der, ser det for oss betre ut å bruke desse mastepunkta: M26Ny, M27, M28 og M29Ny. Da vil linja unngå skog i det partiet.

Kart 5: Mastepunkta M39-M42 vil føre til relativt mye inngrep og skogrydding i linjetraséen, men vi ser ikkje gode alternativ i det området.

Kart 6: Mastepunkta M44-M46 er lagt høgt i terrenget og i tett skog, men området på den sida av elva er dårleg/ikkje kartlagt, og det er vanskeleg å seie utan synfaring om området har spesielle verdiar. Mastepunkt M48 ligg svært nær kanten av ei bekkekløft, og vil føre til felling av skog som generelt er viktig for lokalklimaet i slike lokalitetar. Masta er teikna inn i ein naturtypelokalitet av verdi C, men den verdien er gitt berre fordi lokaliteten ikkje er skikkeleg undersøkt. Det er ønskeleg å justere M48 så langt unna bekkekløfta som mogleg (dvs. mot vest/oppover i høgda), og sjølv berre nokre meter vil vere positivt. Verre er det med mastepunkta M50-M53, som er plassert i, eller kloss inntil, ein naturtypelokalitet av typen rik edellauvskog (BN00090028, Rotaløteigane). Det er ein heil del alm i lokaliteten, ein art som er sterkt trua og i ferd med å utryddast lokalt mange stader på Vestlandet pga.

beiteskadar frå altfor store hjortebestandar. For å unngå inngrep og etterfølgande trasérydding i lokaliteten føreslår vi å flytte M50 (353 moh) austover på den andre sida av elva til enden av ein nylaga anleggsveg (vegen er ikkje vist på trasekartet, men er synleg ved at høgdekotane er tilpassa vegfyllinga). Enden av vegen ligg 344 moh. M51, M52 og M53 må da også flyttast over mot vegfyllinga.

Kart 7: Her skiftar kraftlinja side, og ein unngår på den måten ein ekstremt rik lokalitet på vestsida av elva med artsførekomstar av stor nasjonal interesse. Dette ser vi svært positivt på! Men dessverre betyr dette også at kraftlinja kjem inn i ein annan viktig lokalitet med rik edellauvskog (BN00017573, Råsdalen: Kyrahelleruri). Mastepunkta M63-M66 er plassert i eller inntil naturtypelokaliteten, som har verdi A (stor regional til nasjonal verdi). Mastepunkta er ein sak, men enda verre er det med skogrydding under linja i eit område av denne typen. Er det mogleg å bruke jordkabel i eller langs vegen i dette området, dvs. frå M61 eller der omkring, og fram til M68? Dersom ikkje, kan det kanskje vere eit alternativ å flytte linja tilbake på motsett side av vegen og elva? I så fall kan ein ta utgangspunkt i M60 og føre linja over vegen til eit punkt vest eller VSV for M62, og så NV over elva slik at ein unngår det meste av naturtypelokaliteten BN00017574 (Råsdalen: Spavang), og derifrå langs elva på litt avstand fram til dyrkamark med granplantingar på motsett side av elva i høve til M67. Frå dette punktet kan ein krysse tilbake over elva i retning M69.

Kart 8: Sørlegaste del av linja på dette kartet (M73-75) går gjennom granplantingar som er utan naturverdi, eller skog som er sterkt infisert av gran og som derfor har sterkt redusert verdi. Det er likevel viktig å vere merksam på at dalføret generelt er svært rikt på sjeldne artar, og M74 er t.d. teikna inn berre 30 m frå ei registrering av den sterkt trua arten trollpraktlav (15 m høgdeforskjell). M76-85 passerer langs kanten av en naturtypelokalitet som er registrert som rik edellauvskog (BN00017570, Mo) med verdi A, men verdien er nok først og fremst knytt til enkeltfunn av artar og i litt mindre grad til skogen som naturtype. Den føreslåtte linjetraséen kan vere akseptabel ettersom den er lagt langs kanten av lokaliteten, men artsførekomstar bør utgreiast nærare. Lokaliteten er svært artsrik. I naturbaseomtalen er det oppgitt koordinatar for funn av den ekstremt sjeldne og kritisk trua planten huldrenøkkel, men dei peiker mot eit punkt om lag 500 meter søraust for enden av naturtypelokaliteten og er truleg unøyaktige.

Kart 9: Det er ikkje registrert naturtypelokalitetar eller artsfunn i nærleiken av den føreslåtte linjetraséen.

Til omtalen av kart 9 kan det leggjast til at der som elles i Råsdalen kan mangel på registrerte funn i vesentleg grad skuldast at terrenget er krevjande å ferdast i, og ikkje at det manglar verdifulle førekomstar. Generelt vil vi derfor oppfordre til å utforme kraftlinja slik at det må gjerast minst mogleg skogrydding. Vi rår sterkt til å bruke høge master for å oppnå dette. Høgare master vil i teorien gjere kraftlinja meir synleg, men etter vårt syn er dette uvesentleg samanlikna med vinsten ved å redusere hogging av kraftgater i skogen. Redusert hogst veger opp for meir synlege master og er viktig for landskapsverknadene, men enda viktigare er det å unngå hogst i eit så artsrikt område som Råsdalen. Svært mange av dei høgt raudlista artane i området er knytt til gamle tre.

Med venleg helsing

Tore Larsen
Seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 31 26

Mobil: 90 84 69 42

E-post: tore.larsen@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl

Fra: Per-Ole Jøsok <perole.josok@josok.no>

Sendt: onsdag 31. januar 2024 13:31

Til: Søltnæs, Eyvin <eyvin.solsnes@statsforvalteren.no>; Larsen, Tore <tore.larsen@statsforvalteren.no>

Kopi: Heine Johannes Linga <hjl@ostfoldenergi.no>

Emne: Østfold Energi - 66 kV-ledning Gravdalen kraftverk i Lærdal kommune

Hei,

Jeg prøvde å ringe deg (Eyvin) i dag uten å få svar.

Viser til teams-møte 9. januar då. angående utarbeidelse av Detaljplan for 66 kV-ledning mellom Gravdalen Kraftverk og Stuvane Kraftverk.


I dette møte antydte dere at dere ville komme med en foreløpig uttalelse, men ville uansett ha Detaljplanen på høring.

Vi er nå i ferd med å slutføre Detaljplanen og har et mål om å levere den inn til NVE i løpet av kort tid. Har dere noen foreløpige innspill eller kommentarer vi bør hensynta i Detaljplanen?

Med vennlig hilsen,

Per Ole Jøsok

Prosjektleder



JØSOK

M +47 901 65 868 | **T** +47 55 11 60 40 | perole.josok@josok.no | www.josok.no

Kokstaddalen 26, 5257 Kokstad | Postboks 169 Kokstad, 5863 Bergen

Følg oss:  